



## Gode Lionsvenner i 104C

### Månadsbrev februar 2021

Eg så toppen av nokre snøklokker her om dagen og det minna meg på at våren er rett rundt hjørnet men også at det snart er eit år sidan Noreg vart stengt ned på grunn av Covid-19. Det var nok ikkje mange av oss som tenkte at dette ville vara eit heilt år og vel som det.

### Klubb og sone

Slik situasjonen har vore etter jul, så er det ikkje mange som har hatt klubbmøte. Ikkje sonemøte heller. Det kan lett føra til at me misser mange medlemmer. I skrivande stund har **Distriktet mista 122 medlemmer og verva 22 nye**. Altså ein nedgang på 100. Totalt er me no 1660 medlemmer i Distriktet. Medlemstalet går ned kvart år. Dette må me snu.

Mange synest det er vanskeleg å verva nye når me ikkje har klubbmøte å invitera inn til. Likevel kan me jobba med medlemsverving. For at det skal bli vellykka, må det jobbast jamt og trutt heile tida. Så stå på. Me treng fleire medlemmer og det er alle Lionsmedlemmer sitt ansvar å bidra til det. Snakk om dei gode aktivitetane våre og ikkje minst om kva Lions har betydd for deg. Den gode opplevinga som du aldri gløymer og som har gjort noko med deg som medmenneske. Ingen ting har betre effekt enn den gode historien som går frå hjarta til hjarta. Me har alle slike opplevingar som Lionsmedlemmer. Del dei og bruk dei i medlemsverving. Ta gjerne kontakt med medlemsansvarleg **GMT i Distriktet, Jarle Rognstad**, for hjelp og råd til verving. jarle.rognstad@gmail.com

### Distriktet

**Distriktsmøtet 2021** er planlagt gjennomført på Quality Hotel Edvard Grieg, 17. april.

Hotellet ligg ikkje langt frå Flesland. På grunn av Covid-19 så er det enno ein del usikkerheit rundt arrangementet. Me planlegg eit møte der det er mulig å delta både fysisk og digitalt. Når me ser kor snart smittesituasjonen endra seg frå veke til veke rundt om i landet, så er det svært usikkert kor mange som kan møte på hotellet den helga. Påmelding blir sendt ut no. Det er kort frist så ikkje vent med å melda deg på om du ønskjer å delta.

Så er det berre tida som vil visa korleis stoda er 17. april.

**Distriktsmøtepapira blir sendt ut i midten av mars måned.**

## Lions sentralt



### Lions Tulipanaksjon den 24. april 2021.

På grunn av pandemien er det viktig at me gjer eit grundig forarbeid for aksjonsdagen. Meir informasjon finn du på medlemsportalen vår Gnist. Der er det også mange gode tips til gjennomføring. Eg kan ikkje sjå at Covid-19 skal vera ein grunn for å ikkje gjennomføra tulipanaksjonen. **Fristen for å bestilla tulipanar er utsett frå 1. til 26. mars**

Det er en del klubbar som ikkje har bestilt tulipanar enno og i tillegg er det fleire klubbar som har redusert mengda samanlikna med tidlegare år. Er det klubbar som har bestemt seg for å ikkje delta, så vil eg be om at de likevel støttar opp om tulipanfondet med eit beløp. Det me må hugsa på er at inntektene til dette fondet er avgjerande for aktiviteten til "Det er mitt valg". De veit at: **"Det er bedre å bygge barn enn å reparere voksne"**.

Som medlem er det viktig at du stiller på stand denne dagen og at Lions er synleg i nærmiljøet ditt. Det er ein fin anledning til å informera om både "Mitt Valg" og Lions generelt. Ta kontakt med **NAC i Distriktet, Mathias Vikse, mathias.vikse@gmail.com**, dersom det skulle vera spørsmål rundt tulipanaksjonen.

## Lion Mints



Lions Norge har bestemt seg for å avvikla salet av Lion Mints. Derfor blir restlageret tilbudt klubbane for kr 490 pr kartong inkl. frakt. Dette er kjempebillig. Under kr 1 pr. rull. Klubben kan selja minten og få kjærkomne kroner i aktivitetsskassen eller bruka den som "giveaway" på stand. Her er det "førstemann til mølla" - prinsippet som gjeld.

Ta kontakt på [mint@lions.no](mailto:mint@lions.no) for bestilling.

## Lions Røde Fjær (LRF) - kva skjer?



Som de veit så har det vore fleire forslag til datoar for innsamlinga. Men Covid -19 har sett ein stoppar for dei. No er det bestemt nye datoar og dette er planane for aksjonen framover. Hovudinnsamling og innspurten av LRF startar 20. november og den varer til "Ridderuka" i mars 2022. Der vil overrekkinga av gåva frå Lions til Beitostølen Helse- og Sportsenter (BHSS) bli gjennomført.

20. november 2021 blir det feiring av BHSS sin 50 + 1 årsdag og det vil inkludera aktivitetar som markerer starten på innspurten av LRF-aksjonen. Me skal markera oss på Beitosprinten den helga. Lions har også inngått ein samarbeidsavtale med Para-VM . Dette blir arrangert 12.-23 januar 2022 på Lillehammer/Hafjell som vil involvera Lions og LRF. Lions er invitert til å vera frivillige under arrangementet. Spennande aktivitet. **Ny dato for bøsseinnsamlinga er foreslått til 11. – 13. februar 2022.**

LRF - kontakt i distriktet er **Jan Egil Friestad**, [egfriest@kleppnett.no](mailto:egfriest@kleppnett.no).

## Riksmøte 28.-30. mai 2021

Møtet blir digitalt for dei aller fleste. Nokre få inviterte vil møta på Quality Airport Hotell Gardermoen. Om det ikkje blir det same som å møta fysisk, så trur eg dette blir eit godt alternativ. Det blir lagt opp til mange interessante seminar. Ein god idè denne dagen er å samla klubbmedlemmer, som ønskjer det, til overføringa av Riksmøte i klubblokalet. Det vil vera både lærerikt og inspirerande. Og ikkje minst kjekt å møtast. Er det klubbar som vil gjennomføra dette som er skissert over, set eg stor pris på å få ei tilbakemelding om det.

## Til slutt

Ta gjerne kontakt med meg eller andre resurspersonar i Distriktet dersom klubben treng hjelp til for eksempel rapportering, litt fagleg påfyll eller inspirasjon. Det er ei utfordring med aktivitetar i denne koronatida. Men finn kreative løysingar i staden for å gje dei opp. No når det vårast kan me vera ute å gjera kjekke ting i lag. De er alle velkomne på dugnad i hagen min. Sikkert i andre sine også.

Hugs at det er mange som treng oss, både her heime og ikkje minst ute i verda.

**Ta vare på deg sjølv og alle rundt deg. Dette går jo over til slutt. Me veit berre ikkje heilt kortid denne slutten er. Men gjett om eg gler meg.**



Denne gongen vil eg avslutta månadsbrevet med nokre kloke ord frå grunnleggaren vår, **Melvin Jones**. Han hadde eit stort og varmt hjarta for alle dei som hadde det vanskeleg.

**Beste Lionshelsing frå  
Gunnhild Rein Almås  
Distriktsguvernør 104C 2020-2021  
Telefon 90 79 67 47  
c.dg@lions.no**